



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Scandic Sunnfjord
Dato: 09.12.2024
Tid: Kl. 12:00 - 16:00

Følgjande medlem møtte

Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Kjell Eide
Leif Jarle Espedal
Ole André Klausen
Per Kjøllesdal
Petter Sortland
Judith Margrete Kvåle

Parti

AP

Forfall

Anne Kristin Førde

Parti

Varamedlem

Svein Olav Senneset

Parti

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/058	Godkjenning av innkalling og saksliste
24/059	Godkjenning av møteprotokoll
24/060	Drøftingssak- fellespolitikk om kraft
24/061	Orienteringssaker 09.12.24
24/062	Referatsaker
24/063	Høring - forslag til lov om besøksbidrag
24/064	Kunnskapsgrunnlag - kommunen si rolle som reiselivsutviklar



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/48620
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.12.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/058	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/058 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/48145
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 27.11.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/059	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

04.11.2024 Protokoll - Fjordane IPR - 04.11.2024 1713627

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/059 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv:

JournalpostID: 24/48063

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

27.11.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/060	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Drøftingssak- fellespolitikk om kraft**Bakgrunn for saka:**

Regionrådet har saman med Invest in Fjordane bestilt ei kraftanalyse som sett søkjelys på nokre av dei ulike utfordringane som ein opplever i våre kommunar. Det er utfordringar som må belyst og utformast ein fellespolitikk som ein må stå saman om for å kunne løyse .

Arbeidsutvalet har i førebunde møte diskutert nokre punkt som kan vere relevant å arbeide saman om i vår region. Som ein del av diskusjonen i arbeidsutvalet har ein ønskje om å kople på Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) som ein mogleg samarbeidspart i dette arbeidet.

Invest in Fjordane vil orienterer kort om nokre av desse funna og kva som kan vere relevant å diskuterer som fellespolitikk for Region Fjordane.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:**Handsaming:****FIPR- 24/060 Vedtak:****Framlegg til vedtak:**

Rådet tok drøftinga til vitande og følgjer opp temaet i formannskapskonferansen.

Saksopplysningar:

Arbeidsutvalet har tatt utgangspunkt i desse punkta som ei førebels utkast til fellespolitikk til rådsmøte.

Støtte til industrien sine ambisjonar om dekarbonisering og elektrifisering:

- Kraftkrevjande industriar i regionen har store ambisjonar om å redusere utsleppa gjennom dekarbonisering og auka elektrifisering av prosessane sine. Politikk som fremmar dette vil vere avgjerande for å oppnå nasjonale klimamål.
- Samarbeid mellom det offentlege, energiproduentar og industrien bør stimulerast for å utvikle løysingar som både aukar energitilgangen og sikrar miljømessig berekraft.

Strategisk utnytting av næringsareal:

- Regionen har store, tilrettelagde næringsareal med nær tilknytning til eksisterande og framtidig kraftproduksjon. Politikken bør leggje til rette for at desse areala vert nytta optimalt, med tilhøyrande støtte for energikrevjande bedrifter som vil etablere seg.
- Ei slik satsing vil ikkje berre styrke lokal økonomi og arbeidsmarknad, men også bidra til å gjere regionen til ein nasjonal leiar innan grøn næringsutvikling.

Føresetnad for lokal støtte til meir kraftproduksjon:

- Ei slik tilnærming er heilt naudsynt for at kommunar i regionen skal vere positive til å bidra til auka kraftproduksjon. Utan nødvendige investeringar i infrastruktur og garantiar for lokal verdiskaping, vil det vere vanskeleg å sikre støtte frå lokale myndigheiter og innbyggjarar.
- Når regionen opplever direkte fordelar av utvida kraftproduksjon gjennom betre tilgang, økonomisk vekst og auka støtte til lokal industri, vil det skape ei større vilje til å delta i det nasjonale løftet for meir kraftproduksjon. Dette er avgjerande for å få heile regionen med på laget og sikre langsiktig berekraft.

Økonomiske konsekvensar:



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/47674
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 25.11.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/061	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Orienteringssaker 09.12.24

1. Områdeplan for Sogn til Sunnmøre v/ Katrine M. Vie – Statnett
2. Kunnskapssenter for reiseliv v/ Ivar Petter Grøtte og Agnes Brudvik – Vestlandsforskning
3. Gestapohuset og Espeland fangeleir v/ Trond Petter Abrahamsen – Stiftelsen Lenken
4. Presentasjon av Region Fjordane si heimeside v/ Ada Håberg
5. Kort om formannskapskonferansen v/ Elisabeth Hatlenes og Ørjan Stubhaug

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringssakene til vitande

Vedlegg i saka:

10.12.2024 Orientering -Stiftelsen Lenken 1723058

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/061 Vedtak:

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek orienteringssakene til vitande



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/48621
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 02.12.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/062	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

1, Mobilitet på Kysten- svar frå Skyss

2, Partnerskapsavtale mellom Fjordane interkommunale politiske råd og Vestland fylkeskommune 2024-2027

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/062 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv:

JournalpostID: 24/48146

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

27.11.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/063	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Høyring - forslag til lov om besøksbidrag**Bakgrunn for saka:**

Lovforslag om besøksbidrag er ute på høyring med svarfrist den 3. januar 2025 utan moglegheit for utsatt frist. Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har sendt ut forslag til lov om besøksbidrag på høyring. Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for den delen av forslaget som gir kommunane adgang til å innføre en overnattingsavgift for fastlandet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet sender inn høyringssvar på vegne av region Fjordane med utgangspunkt i utkastet som ligg ved saka.

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:**Handsaming:****FIPR- 24/063 Vedtak:**

1. Rådet sender inn høyringssvar på vegne av region Fjordane med utgangspunkt i utkastet som ligg ved saka med desse justeringane.
 - Må komme tydleg fram at ein må få ordninga snarleg på plass
 - Justere siste setning i 3. avsnitt til: Etter vår meining bør ein legge til rette for ei fordeling av inntektene som vert opplevd som rettferdig og heilskapleg.

Saksopplysningar:

Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har sendt ut forslag til lov om besøksbidrag på høyring. Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for den delen av forslaget som gir kommunane adgang til å innføre ei overnattingsavgift for fastlandet. Høyringsfristen er 3. januar 2025.

Lovforslaget gjer det mogleg for kommunane å vurdere ei frivillig overnattingsavgift på omsetning, avgifta skal fastsettast prosentvis inntil 5% som eit påslag for betalt overnatting før moms. I høyringsnotatet legg ein til grunn at avgifta skal inngå i berekningsgrunnlaget for meirverdiavgift. Overnattingsavgifta omfattar all type overnatting som skjer mot betaling, både camping og hotell. Overnatting på passasjerskip i transit gjeld ikkje dette lovforslaget. Regjeringa varslar at eige forslag om cruise kjem seinare. I fyrste fase er det overnatting og andre fase vil gjelde for cruise.

Avgifta vil gjelde på all overnatting uavhengig av kva som er formålet med overnatting og vil difor gjelde både norske og utanlandske besøkande. Overnatting som blir bestilt og betalt gjennom tredjepart er det tredjeparten som får ansvar for innkrevjing av avgifta. Kommunen kan pålegge overnattingsavgift innanfor eigne grenser og må gjelde heile kommunen. Det er ikkje mogleg å differensiere avgifta gjennom sessong. Nabokommunar kan frivillig velge å samarbeide. Det er ingen heimel for å pålegge samarbeid, døme der ei nabokommune har mange dagsbesøkande men få overnattingsdøgn.

Inntektene frå overnattingsavgifta skal gå direkte til kommunen og skal finansiere reiselivsrelaterte fellesgoder. Lovforslaget har vid definisjon av reiselivsrelaterte fellesgoder som i praksis vil gje kommunene betydeleg friheit i bruken av midlane. Den vesentlege terskelen i lovdefinisjonen er bruken eller behovet for fellesgoder «*i vesentlig grad øker med antall besøkande til kommunen*».

Lovforslaget er sendt på høyring med høyringsfrist 3. januar 2025. Og det er signalisert eit mål om at lova skal tre i kraft 1. juli 2025, men at det og kan bli 1. juli 2026.

Framlegg til høyringsuttale frå Region Fjordane

Fjordane IPR består av 11 kommunar i den nordlege delen av Vestland. Det bur om lag 77.000 innbyggjarar og regionen består av to destinasjonsselskap Visit Fjordkysten og Visit Nordfjord. Vi har besøkande knytt til hytte-, cruise-, konferanse- og opplevingsturisme. Våre kommunar har som mål å bli merka som berekraftig reisemål i løpet av våren 2025 og 6 kommunar deltek i prosjekt om besøksforvaltning i regi av Vestland fylkeskommune.

I arbeidet med reiselivssatsingane har kommunane behov for inntekter for å løyse oppgåver og arbeide for vidare tilrettelegging av lokale og regionale målsetjingar. Difor meiner vi at øyremerka midlar bør gå til reiselivsrelaterte fellesgoder for kommunar som har ein reisemålsstrategi gjennom merke for berekraftig reisemål. Kommunane i region Fjordane er positiv til at ein vil innføre ei ordning der kommunane har høve til å differensiere besøksbidraget for å ta omsyn til aktørane som bidrag til besøkande.

Lovforslaget som no er lagt ut på høyring tek ikkje omsyn til det komplekse reiselivsbiletet. Det er uheldig å dele besøksbidraget inn i to fasar der ein innfører besøksbidrag på overnatting fyrst og cruise på eit seinare tidspunkt. Fase 1 og 2 bør innførast på same tid for å gje større aksept og forståing for innføringa. Etter vår meining bør ein legge til rette for ei besøksavgift som opplevast som rettferdig og heilskapleg.

I det vidare arbeidet bør ein arbeide for å finne ordningar på besøksbidrag for kommunar som har dagsbesøk, men få overnattingar og cruisegeistar. Ein bør difor sjå på kva for ordningar som kan gjelde for transportmiddel og attraksjonar.



Arkiv:

JournalpostID: 24/48600

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

02.12.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/064	Fjordane interkommunalt politisk råd	09.12.2024

Kunnskapsgrunnlag - kommunen si rolle som reiselivsutviklar**Bakgrunn for saka:**

Regionrådet ba i sak 24/042 om få ei sak knytt til reiseliv. Saka har som formål å orientere om prosjektmandat til forstudie om kommunen si rolle som reiselivsutviklar. Prosjektbeskrivinga er utarbeidd av sekretariatet og nettverket for kommunedirektørane og vil bli lagt fram for rådet i møtet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Regionrådet tek saka til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 09.12.2024:**Handsaming:****FIPR- 24/064 Vedtak:****Leiar sitt framlegg til vedtak:**

Regionrådet tek saka til vitande.

Saksopplysningar:

Den 10. september 2024 hadde regionrådet ei kort orientering om reiseliv på eit generelt grunnlag og ba om at det vart sett opp som sak i regionrådet. I mellomtida er det utarbeidd eit prosjektmandat knytt til «kommunen si rolle som reiselivsutviklar». Dette er ei forstudie som skal belyse dei ulike rollene i reiselivet som bidreg til besøksaktivitetar.

Reiseliv som eksportnæring er venta å bli ei av våre største eksportnæringar i framtida. Både små og store tettstader har opplevd ei betydelig auke i besøkstala. Kommunane har ei tilretteleggjarrolle, samtidig som det vert forventa at ein bidreg til utvikling på område som ligg utanfor primæroppgåvene. Forstudien har som mål å søkje kunnskap og avklare korleis kommunen si rolle

som reiselivsutviklar kan utviklast på ein strategisk og framtidsretta måte og belyse forventingsgapet.

Dagens organisering viser at destinasjonsselskapa og kommunane har fått eit stort ansvar for tilrettelegging og utvikling av reiselivet. Næringa er prega av mange små aktørar og nokre få store, der det vert forventa at dei store aktørane må ta ansvar. Forventingane til utvikling av nye konsept og satsingar er i stor grad knytt til oppgåver som ikkje er lovpålagde, og kommunane har begrensa økonomiske ressursar til å gjennomføre desse tiltaka. I kunnskapsgrunnlaget ønskjer ein å få ei rolleforståing til dei ulike aktørane samstundes som ein får synleggjort forventningsgapet til dei ulike rollene og aktørane.

Vestland fylkeskommune har sett i gang eit prosjekt knytt til besøksforvaltning, som seks av våre medlemskommunar (Solund, Hyllestad, Sunnfjord, Bremanger, Stad og Stryn) deltar i. Kommunane har arbeidd ulikt med utviklinga av reiseliv, noko som har resultert i stor variasjon i typar turisme. Alle kommunane arbeider også mot sertifisering som berekraftig reisemål, som er venta å vere på plass innan 2025. Dette er to relevante prosjekt som ein bør ta inn i kunnskapsgrunnlaget då det vil vere førande strategiar for kvar enkelt kommune.

Regionrådet har søkt om 400.000 kr i prosjektmidlar hos Statsforvaltaren og vil i løpet av februar 2025 få svar på denne.

Fram mot oppstart av forstudien bør ein legge til rette for forankring av relevante samarbeidsaktørar og legge til rette for kommunal involvering av kunnskapsgrunnlaget.